



## TUR NUMMER 4

# Kolheia

Turen startar ved Bryne stadion (bygd i 1946) og går vidare langs Trallfavegen som har fått namnet sitt etter trallefabrikken til Nils Underhaug. Trallefabrikken er no rive og nybygget skal bli ein del av nye Bryne vgs. Turen fortset til Orrevegen og Spødarbakken barnehage, før den går vidare langs Linevegen. Bustadområdet på høgre side er kalla Austbø. Mot venstre ser du toppen av Kolheia, området som har gidd denne turen namn. Kolhei betyr truleg "ubygd land/heil" og ein meiner at det her var eit aude område kor ein i fjern fortid dreiv med kolbrenning.

Ved innkjørsla til Austbøfeltet ligg Austbø barnehage, ein av dei eldste i kommunen. Til venstre kan ein her sjå Jæren distriktspsykiatriske senter og Bryneheimen, den eldste sjukeheimen i kommunen. Turen går så vidare til byggjefeltet Nubben og går under jernbanebru 2 (av 4). Ein fylgjer deretter Nordberget vidare mot Eivindsholtjørn, tar turen oppom utkikkspunktet Rudlå og fortset vidare mot Rosseland skule. Til slutt går turen langs Turvegen tilbake til Bryne stadion.

### Fakta om turen

Lengde: ca 5 km  
Tilpassa barnevogn  
Belysning (enkelte unntak)

### Teiknforklaring

- Parkeringsplass
- Barnehage
- Utsiktpunkt
- Badeplass

